



Ola Matti Mathisen i samtale med Reidar Myklebust under besøk på Rosendalstunet.

Mange av lesarane våre kjenner til at uskedalen.no personleg gjennom 10 år, Ola Matti Mathisen, var uheldig og fekk brot i hofta under fall i heimen på Skansen fredag for ei veke sidan. Mandag vart han operert på Haugesund sjukehus, og no er han på plass på Rosendalstunet der han opplever framgang for kvar dag som går.

Då vi besøkte han på Rosendalstunet laurdag, var han akkurat i gang med laurdaggrauten saman med ein del av sine nye 'sambuarar'. Siste veka har han reist litt fram og tilbake mellom Kvinnherad, Stord og Haugesund der han har vore innom sjukehuset på Stord tre gonger.

Matti kunne fortelja at han hadde opplevd mykje som er bra i helsevesent, og positiv som han er, la han mest vekt på det han synes fungerer godt. Særleg fornøgd var ham med det han opplever på Rosendalstunet. Han ser også framover og har lyst til å skriva meir. Ikkje først og fremst på uskedalen.no sjølv om det kan dukka opp stoff frå han der og, men om opplevingar tidlegare i livet frå han var ung gut på Finnskogen. Kanskje får vi enno oppleve ei bok frå Ola Matti Mathisen? Etter å ha høyrte noko av det han fortalde til Reidar Myklebust og undertekna i dag, trur vi dette vil verta interessant, lesverdig og viktig i historisk samanheng.

Det er naturleg nok mange av lesarane våre som har spurt etter korleis det er med Matti. Derfor er det både kjekt og godt å kunna helsa lesarane frå gamleredaktøren, og melda frå om at han er fornøgd og har det bra ut frå situasjonen han kom opp i.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland